

Hjelp oss å  
sortere glas- og  
metallemballasje

Foto: Fotolia

VØR ynskjer  
fleire med på  
prøveordninga.

.....  
SLIK GJER DU DET



# Morgondagens ressurs

Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) har som målsetjing å oppnå 60 prosent materialgjenvinning innan 2020. Innsamling av glas- og metallemballasje ute hos abonnentane er eit av tiltaka for å nå dette målet.

## Må sortere meir

Henting av restavfall kvar 14. dag gjer at du må sortere meir av avfallet. Då kan restavfallsvolumet verte redusert.

Eit av tiltaka er valfri innsamling av glas- og metallemballasje i eigen behaldar ute hos abonnenten. Frå og med 2017 vil dette verte ei permanent ordning.

## Slik bestiller du

Du kan bestille behaldar for glas- og metallemballasje ved å gå inn på heimesida vor.no. Du kan også ringje til VØR eller sende e-post.

## Finn hentedato

Behaldar for glas- og metallemballasje vert tømde kvar 10. veke. Opplysningar om hentedag finn du i Renovasjonskalenderen, i digital tømekalender på heimesida vor.no eller ved å laste ned appen Min renovasjon.

## Sparer miljøet

Det går med færre ressursar og mindre energi ved å nytte material som er gjenvunne, enn å utvinne og bruke nytt råstoff. For aluminium brukar ein berre rundt fem prosent av energien det tek å utvinne nytt aluminium og sparer rundt 2,5 kilo CO2 per kilo materialgjenvunne aluminium.

## Vinn-vinn

Gjenbruk er vinn-vinn på fleire område. Vi slepp å bruke opp knappe naturressursar og kan spare eit miljø som allereie er truga av overforbruk og utslepp.

## Ikkje alt

Det er likevel ikkje alt som kan leverast i behaldaren. Ureina emballasje og glas og metall som ikkje er emballasje, skal ikkje leverast. Døme på dette er porselen, drikkeglas, vindauge, eldfaste former og spikar. Det er ein fordel for gjenvinningsprosessen om det du leverer ikkje er knust.

## Dette kan du levere:



- Drikkeflasker i glas
- Hermetikkboksar
- Syltetøyglas
- Konserveringsglas
- Telys av metall
- Lok og korkar av glas og metall
- Kosmetikkglas
- Tome kaviar- og majonestuber
- Barnematglas
- Aluminiumsemballasje og -folie
- Øl- og brusboksar av metall utan pant

## Dette kan du ikkje levere:



- Drikkeglas
- Krystallglas
- Eldfaste former
- Keramikk
- Porselen
- Glas av speglar
- Glas frå vindauge
- Bildelar av metall
- Eingongsgrillar
- Lyspærer, lysrør og sparepærer
- Sprayflasker
- Emballasje som inneheld kjemikalier
- Kaffekapslar
- Strykejarn
- Steikepanner
- Kasserollar
- Spikar
- Ureina glas- og metallemballasje



**Emballasjen må vere rein.**  
**Emballasjen skal rett i dunken utan å pakkast inn.**  
**Ta av loket på glasemballasjen**



Volda og Ørsta Reinholdswerk IKS  
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda  
Telefon: 70 04 86 00  
firmapost@vor.no

[www.vor.no](http://www.vor.no)

**Våre opningstider:**

Måndag - fredag: kl 08.00 - 15.30

Tysdag: kl 08.00 - 19.00

*Merk! Lurdagsope gjeld frå veka etter påske til midten av oktober, med unntak av juli månad.*

Laurdag: kl 09.00 - 12.00



**Besøk oss på Facebook**